


# Helseundersøkinga i Hordaland

## Høyr:

Hjartet slår. Vi lever.  
Kroppen rører på seg.  
Vi rører på oss, vi  
utviklar oss. Vi er  
allereie komne langt. Vi  
har kjempa og vunne.  
Av og til har vi tapt. Vi  
har prøvd å elske, av  
og til fekk vi det til og  
det var lukke, andre  
gonger snubla vi i oss  
sjølve og mislukkast.  
Vi er midt i livet.

**Bruk  
ein time  
på eit  
betre liv.**





# HUSK

*Vi kan sjå tjue år tilbake og tjue år framover. Berre helsa held. Berre jobben held. Berre vi ikkje legg på oss. Berre det går bra med ungane. Berre vi blir elska og kan høyre til. Berre vi lever.*

## Invitasjon til helseundersøking

Dette er ein invitasjon til å kome til ein helsesjekk. I brevet som følgjer med, står timen din. Set av tid med det same!

Gjennom ei landsomfattande undersøking ser vi på ei rekke faktorar som verkar inn på helsa di, i dag og på litt lengre sikt. Dette er ein fin sjanse til å gjere opp status når det gjeld eiga helse.

Undersøkinga vil fortelje om du er i faresona for enkelte sjukdomar, og du vil få eit brev med resultat og råd om oppfølgjing i etterkant.

glad hjerte



Kvifor er vi så kritiske til oss sjølve, og så overberande med alle andre? Har nokon sagt noko som sette seg fast i hovudet og ikkje vil gå vekk? Har vi sagt noko gale eller dumma oss ut eller gjort ein gigantisk tabbe vi aldri kan gjere om?

## Samarbeid om betre helse

Undersøkinga er todelt: Den har ei personleg side og ei samfunnsmessig side. Sagt med andre ord:



Du får ein gjennomgang av fleire risikofaktorar, med skriftleg tilbakemelding og om naudsynt oppfølgjing. Med ditt samtykke vil resultata bli brukt til å forske på risikofaktorar og helse-spørsmål vi ser kan bli viktige i framtida. Slik lærer vi meir om korleis hjarte- og karsjukdomar, kreft, astma, osteoporose, diabetes og andre vanlege sjukdomar oppstår og kan førebyggjast.

Undersøkinga vil omfatte følgjande prøver:

- Måling av blodtrykk, høgd, vekt, livvidd og hoftevidd
- Blodprøve med analyse av m.a. kolesterol, triglyseridar og blodsukker.
- Spirometri (måling av lungekapasitet - berre Bergen)
- Spørjeskjema

Helseteamet reiser rundt til kommunane med buss.

I Bergen vert det eit fast undersøkingslokale.

*Av og til går vi ein tur, og det er fint. Og vi seier til oss sjølv: Dette var fint. Dette skal vi gjøre oftere. Av og til klarer vi å skape ro slik at vi kan snakke med kvarandre, og vi blir samde om at dette skal vi sanneleg gjøre oftere. Men det blir alltid lenge til neste gong.*

## Betre helse gir betre liv

Helseundersøkinga dekkjer fleire ulike felt innan samfunnsmedisinsk forsking. Det er utarbeidd spørjeskjema som omfattar desse ulike aspekta av helsa vår.

Spørjeskjema er difor ein viktig del av undersøkinga, og inneheld m.a. spørsmål innan følgjande område:

- Arbeid - miljø - helse
- Livskvalitet og sosiale tilhøve
- Kosthaldet sin innverknad for kreft og hjarte- og karsjukdomar
- Muskel- og skjelettplager
- Angst og depresjon
- Kvinneplager
- Revmatiske sjukdomar
- Osteoporose

Nokre personar i alderen 70 - 72 år og 46 og 47 år i Bergens-området, vert kalla inn til ei eiga homocysteinundersøking. Dei vil få eigne spørjeskjema og vil bli bedne om å gi ei blodprøve til måling av homocystein og B-vitaminstatus.

# sprek



Kven styrer eigentleg liva våre? Då vi var born  
var tida ei belgie, og vi var dei flinkaste i verda  
til å surfe. Ho var ei lang rørsle, utan byrjing,  
utan ende.

No er tida eit puslespel der det alltid manglar  
ei brikke, og før vi finn den brikka kan vi aldri  
være nøgde, og vi ser ikkje at puslespelet aldri  
vil gå opp. Det går aldri opp.



## Ditt samtykke er viktig

Vi ber om ditt samtykke til

- at resultata dine kan sendast til den legen du oppgir. Opplysningane vil gå inn i journalen din hos legen.
- at du kan få tilbod om oppfølging.
- at resultata dine kan brukast til medisinsk forsking.
- at blodprøvene kan oppbevarast og brukast til analyser som del av den medisinske forskinga. Målet med slike analyser er å finne ut meir om årsaker til sjukdom.

Dersom du ikkje seier deg samd, kan resultata korkje bli brukt til forsking eller sendast vidare til legen din.

Sjølv om du gjev ditt samtykke no, kan du ombestemme deg seinare. Du kan òg reservere deg mot eitt eller fleire av punkta i samtykkeerklæringa.

Resultata dine vert handsama strengt fortruleg.  
Den regionale komité for medisinsk forskingsetikk har  
vurdert og tilrådd prosjektet. Det er òg godkjend av  
Datatilsynet.

HU



*Om vi berre hadde tid, seier vi. V l, vi har hatt f rti  r. 14.610 dagar med soloppgang og solnedgang og liv. Vi f r kanskje f rti  r til. Men vil vi bruke dei til noko betre? Og vi ser strengt p  oss sj lve og oppdagar at vi berre er heilt vanlege menneske.*

## Kva skal du ha p  deg?

Det du vil - men det blir enklare om du har p  deg ei ledig, korterma skjorte som ikkje strammar om armane. D  slepp du   ta av deg p  overkroppen n r blodtrykket skal m last.



Vent litt! Stopp ein augneblink;  
Vanleg? Kven er vanleg? Ingen  
er vanleg. Du er ikkje vanleg.  
Å vere vanleg er å late att auga  
og gløyme dei mogelegheitene du  
har. Det er ikkje lov. Det er aldri  
lov å gløyme at du lever og skaper  
di eiga framtid.

## Tilleggsundersøkingar

Etter hovudundersøkinga vil nokre få tilbod om tilleggsundersøkingar. Dette gjeld i hovudsak prosjekt som rettar seg mot kosthald, beinmassemålingar (osteoporose), jernstatus (hemokromatose), reumatisk sjukdom (Sjögrens syndrom) og astma (nedsett lungefunktjon).

## Ei ny homocystein-undersøking

HUSK vil invitere omlag 9.000 kvinner og menn som er fødde i 1925 - 27

50

og i 1951 og -52 og  
som bur i kommunane  
Bergen, Fjell, Askøy  
og Os. Desse deltok  
også i den førre helse-  
undersøkinga  
i Hordaland  
(1992-93), og då  
fekk dei målt ein faktor  
i blodet som kallast

NB

homocystein. Nyare forsking  
viser at homocystein kan vere ein  
like viktig risikofaktor for hjarte- og  
karsjukdom som kolesterol.

Homocystein-undersøkinga i Hordaland  
er no ein del av HUSK, og er den  
største befolkningsundersøkinga om  
homocystein hittil. Den vil m.a. kunne  
vise korleis homocystein endrar seg  
over tid. Dei som vert invitert til denne  
undersøkinga får dermed sjansen til å  
delta i internasjonalt nybrotsarbeid.  
Dette kan de lese meir om i eit eige  
informasjonsskriv.



Ingen er ordinær og vanleg, fordi ordinær og vanleg betyr låst og ferdig og død. Men du kan bevege deg, og bevege andre. Du kan overraske deg sjølv, og til og med mor di på ein god dag. Du er i ferd med å vekse ut av alle vande idéar om at du ikkje kan, ikkje har tid, ikkje har sjansen.

Berre helsa held.

## HUSK å kome!

Når helsevesenet på dette viset går ut og undersøkjer heile aldersgrupper, er det avgjерande at flest mogeleg tek del. Vi håpar på full deltaking, og er som du ser heilt avhengig av at du tek deg tid til å delta.

Kom for di eiga skuld - og kom for andres skuld, for born, vene, familien si skuld. Undersøkinga vil fortelje oss ein heil del om korleis folk kan få betre helse i framtida - dersom du møter opp!

Velkommen.



Helseundersøkinga i Hordaland  
Armauer Hansens hus  
Haukeland sykehus  
5021 Bergen  
Tel 55974660  
Fax 55974964  
<http://www.uib.no/isf/husk>



UNIVERSITETET I BERGEN



STATENS HELSEUNDERSØKINGAR